

# DYR OG FUGLAR

ILLUSTRASJON: Are Edvardsen



Hei, dideli, sa katta mi.  
Ho sat og spelte på fela si  
så kua skvatt og månen datt  
og bikkja gøyde til langt på natt.

Frå Ørsta

# DYR OG FUGLAR

---

Det var ein gong to kalva`  
No har du høyrst det halva  
Og kalvane dei blei til kyr  
No har du høyrst eit eventyr

Frå Vindafjord

---

## Gåte

Kven er eg?  
Fire hangande, fire gangande,  
to peikar opp mot sky, to viser veg til by  
og ein diltar etter.

(Svar: Kyra)

Frå Ørsta

---

Per og vesle Karen  
gjekk ein tur på ski.  
Møtte vesle haren  
i ei bjørkeli.  
Vips, han flaug på skaren,  
vekk frå veg og sti.  
«Han var redd», sa Karen,  
«reddare enn vi!»

Frå Vindafjord

---

Ei lita mus  
gjekk ut av sitt hus  
for å sjå etter mat  
i kopp og på fat.  
«Ein liten bit her  
og ein liten bit der  
er nok for meg  
som lita er»,  
sa musa!

Frå Vindafjord

Ein liten kylling i egget låg.  
Banka og banka og banka på.  
Her er så trongt, eg vil ut og gå,  
peip han og ynka seg der han låg.  
Hakk, hakkehakk. Egget det sprakk.  
Og ein liten kylling ut av det stakk.

Undrande stod han og tenkte på  
alt det han ute i verda såg.  
Sola var varm og ho skein på han,  
fuglar og blomstrar og småe lam.  
Pip, pip, han sa.  
Eg er så glad!  
Trangt var det i egget, men her er det bra.

Tekst: Frå Vindafjord

Melodi: «Tre søte småbarn» av Caroline Schytte Jensen

---

Fem små apekattar sat oppi eit tre  
(Hald fram fem fingrar)  
Dei erta krokodilla, du kan ikkje ta meg her!  
Så kom krokodilla, så diger og så svær.  
(Lag krokodillegap med armene)  
GLEFS!!!

Fire små apekattar sat oppi eit tre ...  
(Hald fram fire fingrar)  
Osb.

Engelsk originalversjon: «Five little monkeys  
swinging in a tree»  
Denne versjonen er frå Volda

---

Egget det låg der så stille i ro.  
Men høyrer du kva som skal hende no?  
Hakk! Hakk! Hakk!  
Knekk! Knekk! Knekk!  
Kyllingen hakkar seg ut frå ein sprekk.  
Pip! Pip! Pip!  
Hallo! Hallo!  
Kyllingen ligg der så gul og så god.

Av Arild Torvund Olsen

